

Utstyrspoolen er til god nytte.

09.08.2016



Toaletta som vart brukt på Festidalen høyrer til utstyrspoolen.

For eit par år sidan gav Sparebank1-stiftinga Kvinnherad ei gåve på 300.000 kr til ein utstyrspool som skulle koma lag og organisasjonar til nytte under festivalar og andre større arrangement. Gåva vart gjeven etter eit initiativ frå Festidalen, og utstyret som vart kjøpt inn skulle forvaltast av kommunen.



Dei har også kjøpt inn pissoarar

Då eg snakka med områdeansvarleg under Festidalen, Steinar Haugland, på Dønhaug mandag, heldt han fram den store nytten Festidalen hadde av denne utstyrspoolen. Utstyret vert lagra på Kvinnherad kommune sitt lager, og det er Linda Øen på kulturkontoret som administrerer ordninga, og lag og organisasjonar kan leiga det rimeleg når dei har litt større utearrangement.

Steinar Haugland fortalde at dei hadde brukt 700 m med høgt riggjjerde og 200 m med lågt gjerde. Dei 24 toalettboksane og handicap-toalettet som var på Dønhaug samt pissoarane høyrer også til ordninga. Det gjer også toalettvogna som vart brukt på campen. Den inneheld 4 toalett med vaskar og kan dragast etter bil. Derfor eignar den seg særdeles godt til mindre utearrangement.

Haugland seier at denne ordninga gjer det mykje enklare og billigare for dei. Alternativet for Festidalen hadde vore å leiga frå Haugalandet eller Bergens-området, og med frakt i tillegg hadde det kosta flekk.

Anbjørn Høivik i Festidalen-leiinga er også svært godt nøgd med ordninga. Han fortel at Festidalen også har investert noko av eigne midlar i tillegg til gåva frå Kvinnheradstiftinga. Han oppfordrar alle lag som har større arrangement om å nytta seg av tilbodet. Ordninga er så vellukka at Høivik meiner at ein bør utvida den. Ein av tinga Festidalen har tenkt på, er mogeleg innkjøp av radiosamband, men han meiner det er viktig å få innspel frå andre arrangørar.

Høivik seier at når Festidalen gjer investeringar, er det viktig at det resulterer i ei betre og enklare drift. I dette ligg det også at investeringane skal gjera det endå betre og trivelegare å vera frivillig på Festidalen. Investeringar som har vorte gjort siste åra, har utvilsamt medverka til dette!



Nesten 1 km med gjerde har dei og.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland